



HUSTADVIKA KOMMUNE  
Tingplassen 1  
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Uttale - Offentlig ettersyn og varsel om utvidet planavgrensning - detaljregulering for Lauvåsen BK4 - Hustadvika

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

### Bakgrunn

Planforslag til detaljregulering for Lauvåsen BK4 er sendt på høyring og lagt til offentlig ettersyn. Føremålet er å legge til rette for konsentrert småhusbebyggelse med 50 bueiningar fordelt på tomannsbustader og firemannsbustader, eventuelt som kjedehus.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

### Barn og unge

Det er regulert tre nærleikeplassar i planforslaget. f\_LEK1-f\_LEK3 skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og noko fast dekke, jf. føresegn 4.4.2. Vidare står det at: «**Utover dette bør lekeplassen være utformet med møblement som oppfordrer til aktiviteter som eksempelvis balansere, hoppe og klatre. Det kan etableres rusjebane tilpasset mindre barn, lekehus, huskestativ, lekestativ, elementer med gress, tre og annen vegtasjon som kan gi gode lekeareal** (vår utheving)».

I rekkefølgekrav 8.3.1 står det derimot at «**før første boligen som har tilknytning til lekeplassen tas i bruk skal nærleikeplasser, f\_LEK1-f\_LEK3, være ferdig opparbeidet med minimum sandkasse, benk, to aktivitets/lekeinnsallasjoner og noe fast dekke i tråd med bestemmelse 4.4.2**».

Slik formuleringane er no er dei motstridande og uklare når det gjeld funksjonskrav til nærleikeplassane. Føresegn 4.4.2 må endrast. For at leikeplassane skal vere gode leikeareal er det avgjerande at dei blir opparbeidd med fleire leikeapparat enn sandkasse. Om føresegn 4.4.2 blir endra i tråd med 8.3.1, der det er stilt krav om minimum to aktivitets/lekeinnsallasjonar, vil dette vere tilfredsstillande ivaretatt. Vi fremmer **motsegn** inntil dette er endra i føresegnene.

Tilsvarende for kvartalsleikeklassen, f\_LEK4, må føresegnene 4.4.3 blir stramma opp og vere meir forpliktande. Ord som bør og kan bør ut, og erstattast av må og skal. Også her stiller føresegn 8.3.2 rekkefølgekrav med strammare funksjonskrav enn føresegn 4.4.3.

### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser at delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for flaum. Ettersom det i planen ikkje er lagt til rette for tiltak etter plan- og bygningslova i mogleg flaumutsett område, er det ikkje naudsynt å avklare reell flaumfare. Vi vil likevel oppmode om at aktsemdssona vert synleggjort med omsynssone i plankartet med tilhøyrande planføresegn. Dette for å synleggjere eksisterande kunnskap om mogleg risiko og sårbarheit innanfor planområdet.

### Konklusjon

Vi fremmer **motsegn** til planforslaget inntil funksjonskrav til nærleikeklassane er oppdatert i tråd med våre merknader over.

Vi vil trekke motsegna når dette er endra.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500

6404 MOLDE

Postboks 1010

2605 LILLEHAMMER

Nordre Ål

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE) REGION VEST

Naustdalsvegen 1B

6800 FØRDE